



Stranda kommune

Næring og teknisk

Saksbehandlar: Andreas Standal Eikrem

Melding om vedtak

Kibsgaard-Petersen AS
Grimmergata 2
6002 ÅLESUND

Vår ref.:
2019000910- 4

Dykkar ref.:

Arkiv:
K1 - L12

Dato:
21.06.2019

Oppstart av detaljregulering av hotell på Ljøen

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

20.06.2019 FAST UTVAL FOR PLANSAKER 051/19

1. Stranda kommune vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-8 oppstart av detaljregulering for hotell på Ljøen.
2. Planen skal utarbeidast i samsvar med Stranda kommune sin rettleiar for utarbeiding av privat reguleringsplan.
3. Det skal utarbeidast ein VAO-plan. Planen skal leggjast fram og godkjennast av Stranda kommune før eigengodkjenning av planen.
4. Planforslaget skal konsekvensutgreiast. Kva tema som skal greiast ut vert avgjort av kommunen i dialog med planfremjar.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dato brevet er motteke. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut.

Eventuell klage skal sendast skriftleg til det organet som har fatta vedtaket. Ver vennleg å oppgje vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringar ein ønskjer, og dei grunnar du vil oppgje for klagen. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, vert du beden om å oppgje når denne meldinga kom fram.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Andreas Standal Eikrem
Planleggar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.